TVO
Utdanningsforbundet

Hovudavtalen

Medråderett og informasjon

TV2	**Private barnehagar**

Vikarkutt skaper bruduljer

I posthylla til den tillitsvalgte ligg eit notat frå styrar. I notatet står det at det blir kutt i vikarbudsjettet på grunn av dårleg økonomi. Slik har det vore i lengre tid, og styrar, som også eig barnehagen, skriv at ho no er i dialog med ei barnehagekjede om at dei skal ta over barnehagen.

A

Til spørsmål A

Hovudavtalen som verkemiddel

Hovudavtalen skal vere eit verkemiddel for å sikre og leggje til rette for:

- gode prosessar mellom partane
- utvikling av kvalitativt gode tenester
- samarbeidet må baserast på tillit og gjensidig forståing for dei ulike rollene partane har

Kva kjenneteiknar eit godt samarbeid?

Kjenneteikn på eit godt samarbeid mellom partane er at ein:

- respekterer den andre parten
- har ei felles forståing av at samarbeid handlar om å finne løysingar
- prøver å skape vinn/vinn-situasjonar
- held ord
- forstår rollene til kvarandre
- kan stole på kvarandre
- toler å bli motsagt

Samhandlingsformer

- **Uformell kontakt**
- **Informasjon**
  - Bør somme gonger vere skriftleg
- **Drøftingar**
  - Dialog med sikte på å komme fram til ei samlande løysing, der arbeidsgjevar tek den endelege avgjerda
  - Synspunkta til partane går fram av referatet
- **Forhandlingar**
  - Dialog med sikte på å komme fram til ei samlande løysing, der semje/usemje går fram av protokollen

Semje = avtale/protokoll → iverksetjing

Usemje = protokoll → tvisteløysing

Korleis praktisere etter Hovudavtalen?

- Referat frå drøftingsmøter bør innehalde
  - Tid og stad
  - Til stade/fråvær
  - Sakene der synspunkta til partane kjem fram
  - Eventuelle vedtak

- Referat blir skrive av arbeidsgjevar og blir godkjent av alle møtedeltakarane før det blir gjort kjent for dei andre på arbeidsplassen



Praktisering: Første informasjons- og drøftingsmøte

- Møteplan
- Hovudavtalen
- Rutinar for informasjon
- Rutinar for førebuingar
- Rutinar for evaluering

B

Til spørsmål B

Kven er det lurt å kontakte?

I Utdanningsforbundet:

- Hovudtillitsvald og lokallag

Andre:

- Er det andre fagforeiningar på arbeidsplassen, t.d. Fagforbundet?
- Verneombodet?
- FUB (foreldreutvalget for barnehager)?